



ÅRSMELDING 2021

Fotballgruppa

og

Barne-/ungdomsgruppa



INNHALDSLISTE ÅRSMELDING 2021

1. **ADMINISTRASJON**
 - 1.1. Tillitsvalde/ansv./funksjonar 2021
 - 1.2. Møteverksemd
 - 1.3. Viktige saker
 - 1.4. Representasjon/utsendingar
 - 1.5. Utmerkingar/heidersteikn 2021
 - 1.6. Fotballgruppa v/leiar
2. **KURS/UTDANNING**
 - 2.1. Trenar
 - 2.2. Styre/tillitsvalde
 - 2.3. Dommar
3. **ANLEGG OG UTSTYR**
4. **ÅRSMELDING BARNE- OG UNGDOMSGRUPPA**
5. **AKTIVITETSOVERSIKT BARN OG UNGDOM**
6. **STORE ARRANGEMENT**
 - 6.1. Seljecup, 11.-13. juni. AVLYST.
 - 6.2. Tine-fotballskule 3.-4.september
7. **ALLIDRETT OG FOTBALL 6-9år**
 - 7.1 G/J 6-8 + allidrett
 - 7.2 Seriespel G8/9 (5-ar)
8. **ALDERSEFASTLAGDE LAG 10-17år**
 - 8.1 G10 (7ar) Selje
 - 8.2 G12 (7ar) Selje
 - 8.3 J12 (7ar) Selje/Flatraket
 - 8.4 G13/14 (9ar) Selje
 - 8.5 J13/14 (9ar) Selje/Åheim/Flatraket
 - 8.6 J15/16/17 (9ar) Selje/Åheim
 - 8.7 Dugleiks-/teknikkmerke
 - 8.8 Fair Play
 - 8.9 Spelarutvikling
9. **SENIOR 5.div. menn**
 - 9.1 Sesongen 2021
 - 9.2 Kamparrangement
 - 9.3 Resultat og tabellar Selje 5.div. menn
10. **SENIOR 4.div. kvinner Selje/Åheim/Vanylven**
 - 10.1. Sesongen 2021
 - 10.2 Kamparrangement
 - 10.3 Resultat og tabellar 4div. kvinner Selje/Åheim/Vanylven
11. **Oldboysfotball**
12. **ØKONOMI**
 - 12.1 Inntekter
 - 12.2 Utgifter
13. **INFORMASJON**
14. **SLUTTORD**

1. ADMINISTRASJON

1.1. TILLITSVALDE/ANSVARLEGE/FUNKSJONAR 2021

A) Tillitsvalde/styre 2021

Fotballgruppa:

Leiar	Atle Solheim
Nestleiar	Margreth Rundereim
Sekretær	Evy Ann R. Aarseth
Medlemmar	Kjell-Magnar Flølo
	Erling Åbø
	Thor Øivind Larsen
	Martin Hove
	Sofie Hove
	Annichen A. Grøttå (repr. BU-gruppa)

Barne-/Ungdomsgruppa:

Leiar:	Rita Hatlenes
Medlem:	Annichen A. Grøttå (repr. Fotballgruppa)
Medlem:	Elin L. Larsen (repr. Hovudstyret)
Medlem:	Lena Flølo
Medlem:	Gunn Løkkebø
Medlem:	Ronny Årvik

Repr./medlemmar i Hovudstyret

Fotballgruppa	Kjell Magnar Flølo (fast medlem)
Fotballgruppa	Atle Solheim (repr. Fotballgruppa)
B/U-gruppa	Elin L. Larsen

Repr./medlem i Driftsstyret Selje Idrettspark:

Fotballgruppa	Kjell Magnar Flølo
---------------	--------------------

Valnemnda:

Repr. Valnemnda frå Fotb.gr	Martin Hove
Repr. Valnemnda frå B/U	Lena Flølo

B) Funksjonar/ansv. i høve SFFK 2021, Selje IL, Fotball:

Leiar Fotballgruppa	Atle Solheim
Anleggskontakt	Svein Rekdal
Utdanningskontakt	Margreth Rundereim
Ansv. spelarregistrering/lisens	Atle Solheim
Ansv. overgangar/utlån	Atle Solheim
Spelarutvikling kontakt SFFK	Atle Solheim
Ansv. lagspåmelding	Atle Solheim
Ansv. fiksfootball	Atle Solheim
FairPlay ansvarleg	Atle Solheim, Margreth Rundereim
Dommarkontakt	Evy-Ann R. Aarseth, Sofie Hove
Medlem valnemnd NFF Sogn og Fj.	Anne-Britt D. Rekdal

C) Andre klubbfunksjonar/ansv./oppgåver 2021:

Sponsorgruppe : Atle Solheim, Kjell Magnar Flølo, Evy Ann R. Aarseth, Sofie Hove, Martin Hove

Kamparrangement:

Senior 5.div. menn: (haustsesong) Kjell Magnar Flølo, Margreth Rundereim

Senior 4.div. kvinner: (haustsesong) Margreth Rundereim, Kjell Magnar Flølo

Redaksjon Selje IL årbok

Redaktør/ansv.

Atle Solheim

Annonser

Sponsorgruppa

Heimesider: www.seljefotball.no og www.seljecup.no

Ansv.:

Atle Solheim

Ass:

Tom-Øyvind Solheim

1.2. MØTEVERKSEMD

INTERNE MØTER I KLUBBEN

- Møter i Fotballgruppa
- Møter i Barne-/Ungdomsgruppa
- Møter i Hovudstyret der repr. for Fotballgruppa og B/U-gruppa har delteke

ANDRE MØTER:

- A-lag og damelag: spelarmøte, møter med trenar, møter med trenar/oppmann
- Aldersf. lag: div. møter
- Minilag: div. møter
- Møter i samband med forhandling større sponsoravtaler
- Møter vedr. tilsetting av trenar A-lag og damelag
- Møter med samarbeidsklubbar

EKSTERNE MØTER/SAMLINGAR MED NFF SOGN OG FJORDANE OG ANDRE MØTER:

Ein eller fleire representantar for Selje IL, Fotball har delteke på desse eksterne møta:

11.01: Møte med Stadlandet IL på Stadlandet vedr. evt. samarbeid gutar 10-17år

11.01: Terminlistemøte SFFK 5.div. på Teams

03.02: Sonemøte SFFK på Teams

09.02: Terminlistemøte på Teams, 3.div. kvinner

10.02: Leiarmøte SFFK på Teams

15.02: Lagleiarmøte på Teams, klasse G10, J10, J11

16.02: Lagleiarmøte på Teams, klasse G11, G12, J12

17.02: Lagleiarmøte på Teams, klasse J13/14, G13/14, J15/17

14.03: Forbundsting NFF på Teams

23.03: Webinar SFFK om jente- og damefotball

24.03 på Skei: Kick-off Kongleriket med utdeling av heidersteikn 2020. Avlyst pga korona.

25.03: Møte med SFFK på klubbhuset. Agenda: "Kick-off for å få Selje Fotball til å bli kvalitetsklubb".

Utsett pga korona.

06.04: Teams-møte med SFFK «Trygg på trening»

08.04: Teams-møte med SFFK om «Kongleriket»

13.04: Webinar jente og damefotball: Landslagsskulen og toppsatsing v/SFFK

27.04: Teams-møte med Fotballkretsen om igangsetting barne- og ungdomsfotballen

31.05: Teams-møte med SFFK, oppstart seriespel og Kongleriket

02.06: Teams-møte med SFFK, QatarVM/ekstraord. Forbundsting

09.06: Kurs politiattest

09.06: Kurs treningsøkta

11.06: Møte på klubbhuset om jente/damefotball (Atle, Margreth, Sofie, Evy-Ann)
20.06: Ekstraordinært forbundsting digitalt
21.06: Teams-møte med SFFK, oppstart seniorfotball
03.10: Besøk frå SFFK Rune Sunde 5.div. Selje-Sandane. Utdeling FairPlay-prisen 2020 til Selje IL og blå diplom 2020 til Per Jarle Hoddevik/Cecilie S. Hoddevik.
03.10: Møte med Stig Roger Eide vedr. jubileumsbok SFFK
27.11-28.11: kretsting Førde
29.11: Møte reforhandling hovudsponsor Sparebanken Vest
07.12: Teamsmøte samarbeidsavtale SFE

1.3. VIKTIGE SAKER

Fotballgruppa har i 2021 hatt 12 ordinære styremøter og handsama 117 saker.

Viktige saker:

- * Arbeid i høve korona: retningslinjer og oppstart i høve trening og kampar, søknad om stønad, oversikt aktivitet og tapte inntekter m.m.
- * Påmelding av lag, skaffe trenarar og støtteapparat 2021
- * Tilsetting av trenar A-lag og damelag
- * A-lag og damelag
- * Aldersf.lag og mini-lag
- * Anlegg og utstyr
- * Økonomitiltak
- * Sponsorarbeid
- * FairPlay-tiltak, handlingsplan
- * Kamparrangement
- * Seljecup 2021
- * Tine-Fotballskule 2021
- * Dommar
- * Politiattestar
- * Planlegging sesongen 2022
- * Kretsting
- * Restart kvalitetsklubb

1.4. REPRESENTASJON/UTSENDINGAR

- * 27.11-28.11: Kretsting SFFK i Førde.

1.5. UTMERKINGAR/HEIDERSTEIKN 2021

- * Thor Øivind Larsen: "Blå diplom", Sogn og Fjordane Fotballkrets.
- * Idar Taklo: NFF Honorært leiarstipend
- * Utdeling pris som «Årets FairPlay-klubb Sogn og Fjordane Fotballkrets 2020: utdelt i pausa 5.div. Selje-Sandane 03.10.21 v/Rune Sunde NFF Sogn og Fjordane.

1.6. FOTBALLGRUPPA v/leiar

Året 2021:

Året 2021 har som i fjor vore eit spesielt år, der koronapandemien har sett sitt preg på mykje. I vårsesongen vart seriespel aldersfastlagde gjennomførast med tilpasningar, medan seriespel senior vart kansellert. Haustsesongen kunne gjennomførast i alle klasser.

Klubben har greidd å halde oppe tilbod for dei fleste årstrinna. Ein ser at dei små årskulla i mange klasser og færre aktive gjer det svært utfordrande å få til gode tilbod, men ein har greidd å gje tilbodf også i år. Klubben har for tredje år på rad påmeldt damelag i seriespel, 4.div kvinner Selje/Åheim/Vanylven. Selje IL har markert seg på ein positiv måte i mange samanhengar, og har også i år fått positiv merksemd for godt arbeid bl.a. med FairPlay i og med at klubben for 4.gong vart kåra til årets FairPlay-klubb i Sogn og Fjordane i 2020.

Seljecup som skulle vore arrangert for 26.gong måtte avlysast som i fjor pga koronarestriksjonar. Tine-Fotballskule vart arrangert for 17.gong.

Klubbdrift:

Det må jobbast godt og målbevisst både administrativt og sportsleg, for at ein skal klare å oppretthalde og gje gode aktivitetstilbod. 2021 har vore eit annleis år pga korona, men tillitsvalde, trenarar og andre har gjort ein god innsats. Men det er lite tvil om at det blir stadig meir utfordrande å klare å finne folk som er villege til å bidra for fellesskapet og ta på seg ansvar/oppgåver.

Det er svært mange små og store oppgåver som må gjerast for at ein klubb skal fungere godt. Fotballgruppa var i 2015 godt i gang og halvveis i prosessen med NFF "Kvalitetsklubb-prosjekt". I åra etter har ein dessverre ikkje hatt kapasitet til å fortsette dette viktige arbeidet. Arbeidet tek tid og krev mykje ekstra innsats, men vil forhåpentlegvis føre klubben framover når prosjektet kjem i mål ein eller annan gong. Fotballgruppa har gjort vedtak om restart av kvalitetsklubb-prosjektet i 2022.

Anlegg:

- Klatreparken: intern og ekstern kontroll/tilstandsrapport, planlegging av rehabilitering. Søknader om gåvemidlar. Planlagt utført 1.halvår 2022.
- Rehabilitering av trimløype Selje Idrettspark: innvilga spelemidlar i 2020. Planlagt utført 1.halvår 2022. Søknader om gåvemidlar.
- Planlegging og innhenting av prisar på levering av gammalt kunstgras. Planlagt utført i 2022.
- Nødvendig etterfylling av gummi på kunstgrasbana vart utført av Sport Surface våren 2021.
- Selje IL har i fleire år vore involvert i prosjekt uteområde på Selje skule. Søknad om momskompensasjon hinderløype.
- Klubben må ha eit vedvarande fokus på vedlikehald/utbetringar av anlegg, utstyr og bygningar i Selje Idrettspark. Det krev mykje å greie å vedlikehalde og drifte alle anlegga på ein god måte. I nokon samanhengar trengst det betre rutiner og klarare ansvarsområde for dette arbeidet. Vedlikehald/drift av anlegg og utstyr har heller ikkje i 2021 vore tilfredsstillande, og er noko som ein i fellesskap må prøve å forbetre.

Framtid:

Framtidsutsiktene kan på fleire område sjå utfordrande ut, og her vil framleis bli mykje å ta tak i. Dei små barnekulla og færre aktive merkast for alvor. Dette kombinert med at det er vanskeleg å skaffe trenarar og tillitsvalde gjer det utfordrande å oppretthalde gode aktivitetar og tilbod i åra framover. Klubben må møte dette med å gjere ein best mogeleg jobb for å få flest mogeleg barn i aktivitet, og evt. søke samarbeid med naboklubbar når det er føremålstenleg. Utfordringane med å integrere nye innbyggjarar på ein god måte må framleis prioriterast.

Det er eit mål at klubben skal klare å mønstre eit A-lag i 5.div eller betre. Det kan bli svært utfordrande å klare denne målsettinga i åra som kjem, og krev at ein jobbar med spelarrekruttering og evt. samarbeid med andre klubbar.

Det er eit mål at Selje IL i samarbeid med andre klubbar skal klare å stille damelag i åra som kjem. Visst ein klarer å halde fram det gode arbeidet og sikre nok spelarrekruttering, så kan dette lukkast i samarbeid med naboklubbar.

Vi håpar alle at koronapandemien slepper taket i 2022, slik at vi får eit mest mogeleg normalt år. Ein tek sikte på at Seljecup kan arrangerast i 2022, 10.-12.juni.

Klubben har i mange år hatt stor kontinuitet på mange sentrale tillitsvalde. Det har vore positivt, men er også sårbart då ein del sentrale tillitsvalde etter kvart har slutta. Det vil truleg bli ei utfordring å klare å rekruttere folk som har kompetansen som krevst og som er villege til å bruke så mykje tid som trengst for å drifte klubben, arrangement m.m. i åra som kjem. Men dersom mange nok vaksne er villege til å bidra med dugnad og arbeid for fellesskapet, og jobbar mot felles mål i åra framover, kan klubben fortsette å utvikle seg til glede for alle.

2. KURS/UTDANNING

2.1. TRENAR

* Ikkje arrangert fysiske Grasrotrenar-kurs i 2021. Tilbod om gratis e-læringskurs.

2.2 STYRE/TILLITSVALDE

* Ingen deltok på SFFK leiarsamling dette året.

2.3. DOMMAR

Dommarkontaktar i klubben har greidd å skaffe dommarar til alle kampar i aldersfastlagde klasser, og med dette friteke denne oppgåva frå oppmennene på laga. Kampoversikt med dommar vart lagt ut på vår heimeside. Nytt av året var obligatorisk klubbdommarkurs for aldersfastl. spelarar frå 13år og eldre.

KONKLUSJON KURS/UTDANNING

Utdanning er viktig for å skulere trenarar, leiarar og dommarar i klubben.

Klubben treng heile tida rekruttering av nye trenarar, og det er viktig at trenarane tek utdanning. Det bør vere eit mål at på kvart aldersfastlagd lag er det minst ein trenar som har godkjent grasottrenar-utdanning.

Kompetanseheving og utdanning av trenarar, dommarar og leiarar må prioriterast i 2022.

3. ANLEGG OG UTSTYR

Klubbavtaler utstyr:

- * Selje IL inngjekk frå 2019 avtale med Chatlet Sport, Nordfjordeid som ny utstysleverandør.
- * Selje IL har 5års-avtale med Umbro/ScanTrade om utstyr, 2019-2023.

Innkjøp/investeringar utstyr:

- * Div. utstyr til trening og kamp
- * Materiell og utstyr
- * I 2022 må det kjøpast inn mange nye draktsett både aldersf. klasser og senior

Anlegg:

- * Samarbeidsprosjekt uteområde Selje skule
- * Søknad tippemidler «Seljetrappene»
- * Planleggingsarbeid rehabilitering trinmløype
- * Planleggingsarbeid sanering gammalt kunstgras
- * Ekstern rapport og planleggingsarbeid rehabilitering klatreparken

4. ÅRSMELDING BARNE- OG UNGDOMSGRUPPA

Barne og ungdomsgruppa:

Rita Hatlenes	Leiar
Elin Lesto	Repr i hovudstyre
Anniken A. Grøttå	Repr fra BU i fotballgruppa
Gunn Løkkebø	
Lena Flølo	Valnemd
Ronny Årvik	

Barne og ungdomsgruppa har hatt 4 møter gjennom året, pluss 4 arrangement/aktivitetar.

Annicen har delteke på møtene i fotballgruppa og Elin har delteke på møtene i hovudstyre. Dei har meldt tilbake og BU har uttalt seg i saker vi har blitt spurt.

Før sesongstart blei alle draktene sortert og bagane laga til. 8 bager med komplette sett blei delt ut. Barne og ungdomsgruppa hadde som tidlegare år ansvar for tine fotballskule, inkl påmeldinger, registreringer under arrangementet, pumping av baller, diplomar, tillaging og utdeling av mat og drikke, samt bistand under premieutdeling. I år blei det gjennomført over to dagar i byrjinga av september.

I november blei årsfesten til dei aldersbestemte laga gjennomført. Barne og ungdomsgruppa hadde ansvar for å lage til, holde styr på kiosk og matservering, ha ansvar for underholdning (quiz og kahoot), samt bistå Atle fra start til slutt.

2.juledag arrangerte vi ribbetrim. 19 voksne og 19 barn deltok. Vi hadde laga quiz langs løypa, tilpassa både voksen og barn. Gevinster blei trekt ut på startnr. 950 kr kom inn til idrettslaget i startkontingent. Barne og ungdomsgruppa har ansvar for å tømme pantelappboksen som heng på coop prix ved panteautomaten.

Rita Hatlenes

5. AKTIVITETSOVERSIKT BARN OG UNGDOM

PÅMELDE LAG

Etter ein omfattande og god jobb frå okt - febr. greidde ein å gje tilbod til alle aldersgrupper jenter/gutar i Selje IL også i 2021. Lag vart påmeldt innan fristen 1.februar for aldersf.lag og innan 1.mars for minilag og Kongleriket. Dei små barnekulla i mange årsklasser og færre aktive har gjort at talet på lag har gått nedover, og det har blitt stadig meir utfordrande å klare å lage gode tilbod for alle. Såleis har det vore fleire samarbeidslag med naboklubbar. Det er også ei stor utfordring å skaffe trenarar og oppmenn til laga. Koronapandemien har også i 2021 sett sitt preg på aktivitetane. Heldigvis kunne seriesepel både vårsesong og haustsesong gjennomførast for aldersf. klasser. Kongleriket-trueringar vart avlyst på våren, men kunne gjennomførast på hausten.

Selje IL hadde pr. 1.mars 2021 desse laga påmeldt til SFFK "Kongleriket":

Mini-klasser Kongleriket 6-9år:

- * 1 lag G 07 (mix) (3ar)
- * 1 lag J 07 (3ar)
- * 1 lag G 08 (mix) (5ar)
- * 1 lag G 09 (5ar)

Seriespel 9-10år:

- * 1 lag G9 (5-ar)

Aldersfastlagde klasser 10-17år:

- * 1 lag G10 (7ar) Selje
- * 1 lag G11/12 (7ar) Selje
- * 1 lag G13/14 (9ar) Selje
- * 1 lag J11/12 (7ar) Selje/Flatraket
- * 1 lag J13/14 (9ar) Selje/Åheim/Flatraket
- * 1 lag J15/16/17 (9ar) Selje/Åheim

CUPAR/TURNERINGAR

Dei fleste planlagde cupar har blitt avlyst i 2021 pga korona.

Lag frå Selje IL har delteke desse cupane:

- Januar: Sparebanken Vest Cup i Nordfjordhallen. AVLYST!
- April: Eid cup. AVLYST!
- Mai: SVELGEN (Kongleriket miniputt-turnering 09.05). AVLYST!
- Juni: Seljecup (Kongleriket miniputt-turnering 13.06). AVLYST!

AKTIVITETAR

- Bra aktivitet i 2021, i periodar noko redusert pga. koronasituasjonen.
- Årsfest: Vart arrangert på tradisjonelt vis 25.11 på klubbhuset, minilag frå 17.30 og aldersf. lag frå 19.30.

KAMPARRANGEMENT

Pga koronasituasjonen kutta ein ut servering som t.d. frukt, kaffi osv.

Fotballgruppa har utarbeida retningslinjer for kamparrangementa. Det skal vere minst ein med ”kampvert”-vest, m.a. for å halde fokus på Fair-play. Føring av lister/registrering alle på kamp pga. smittevern i vårsesongen.

6. STORE ARRANGEMENT

6.1. SELJECUP 2021, 11.-13. juni. AVLYST!

AVLYST som i 2020 pga. koronarestriksjonar.

Arr.ansvarleg:

Ansv. søknader	Atle Solheim
Ansv. påmelding/reg.	Atle Solheim

Sekretariat:

Heimeside www.seljecup.no	Atle Solheim
--	--------------

Seljecup skulle i 2021 vore arrangert for 26.gong.

Det vart søkt om å arrangere cup og ein hadde fått innvilga søknad om å arrangere «Kongleriket»-turnering søn. 13.06. Pga koronasituasjonen vart ikkje invitasjonar utsendt. Ein del lag var også i år førehandspåmeldt.

6.2 TINE-FOTBALLSKULE, 3.-4.september

Selje IL arrangerte for 17.gong TINE-fotballskule. Fotballskulen vart i år arrangert over 2 dagar med ca. 60 deltakarar, kjekt i år med fleire deltakarar frå naboklubbane Åheim og Flatraket. Aldersgruppe 6-15år. Fotballskulen inneheldt ulike tekniske øvingar på stasjonar og keeperskule. Positive tilbakemeldingar også i år. Fotballskulen i Selje har ei form og eit omfang som passar godt, med eit stabilt antal deltakarar og eit godt innarbeida opplegg med ein erfaren arrangørstab.

Ansv. leiar Selje Tine-Fotballskule: Fotballgruppa v/Atle Solheim

Ansv. matservering, kiosk, premieutdeling m.m.: Barne-/Ungdomsgruppa

Ansv. gjennomføring 03.-04.09: Sofie Hove

Instruktører: Ansv. 6-10år: Aleksander Kvernevik

Ansv. 11-15år: Trond Grøttå

Ansv. keeper: Kevin Sjøberg

Trenarar: Spelarar frå A-lag og damelag, og trenarar Selje IL

7. ALLIDRETT OG FOTBALL 6-9 ÅR

Selje IL har også i år hatt allidrett og fotball for dei yngste årsklassane 6-9år. Fotball seriespel G8/9. I tillegg til treningane har det vore tilbod om tre «Kongleriket-turneringar» i haust.

Miniputt-turneringar

Selje IL melder på og betaler for mini-lag som deltek på Sogn og Fjordane Fotballkrets "Kongleriket" miniputt-turneringar. 6-7år spelar på 3ar-baner med vant, medan 8-9år spelar 5-ar fotball. Dette er ein familiedag med god stemning og masse glade barn i aktivitet! Her er det viktigaste å delta og ha det gøy!

Minilaga har tilbod om å delta på følgjande gratis cupar i 2021:

Søndag 5. mai	SVELGEN	AVLYST pga. koronarestriksjonar!
Søndag 13. juni	SELJECUP	AVLYST pga. koronarestriksjonar!
Søndag 29.august	EID	Arrangert
Søndag 19.september	TORNADO	Arrangert
Søndag 3.oktober (ekstra)	SVELGEN	Arrangert6-7år / avlyst 8-9år

7.1 ALLIDRETT / FOTBALL G/J 6-8

Trenar: Marianne Tretteteig Flølo
Kontaktperson Sunniva Djupedal

Jenter/gutar f.2014:

Lilli Bortne, Sofia Villard Astring, Mali Hamre, Julie Lillesalt Silden, Barbara von Bonsdorff, Monja Otnes, Magnus Djupedal Devilliers, Nikolai Bergo,

Jenter f.2013: Janneke Sol Muller Eimstad. Live Tretteteig Flølo

7.2 Seriespel G8/9 Selje 5ar

Trenar Finnur Kristinsson
Kontaktperson Arve Maurstad

Gutar f.2012:

Patrekur Finnsson Maack, Colin Johansen Seljen, Olai Flølo Drabløs, Daniel von Bonsdorff

Gutar f.2013:

Levi Andre Marques Rundereim, Liam Skårbø Maurstad, Lukas Listhaug, Victor Fonteles Drage

Miniputt-turneringar

Selje IL melder på og betaler for mini-lag som deltek på Sogn og Fjordane Fotballkrets "Kongleriket" miniputt-turneringar. 6-7år spelar på 3ar-baner med vant, medan 8-9år spelar 5-ar fotball. Dette er ein familiedag med god stemning og masse glade barn i aktivitet! Her er det viktigaste å delta og ha det gøy!

Minilaga har tilbod om å delta på følgjande gratis cupar i 2021:

Søndag 5. mai	SVELGEN	AVLYST pga. koronarestriksjonar!
Søndag 13. juni	SELJECUP	AVLYST pga. koronarestriksjonar!
Søndag 29.august	EID	Arrangert
Søndag 19.september	TORNADO	Arrangert
Søndag 3.oktober (ekstra)	SVELGEN	Arrangert6-7år / avlyst 8-9år

8. ALDERSFASTLAGDE LAG 10-17år

8.1 G10 Selje 7ar

Trenar Kjetil Fure

Kontaktperson Therese Lien Smenes
Therese Lien Smenes

Gutar f.2011:

Oliver Olsen Fure, Jakob Bortne, Iver Rundereim, Bastian Lien Smenes, Mathias Kvamme, Steinar Marques Moldestad, Aron Hamre Flister (vårsesong), Miles Devilliers Djupedal, Daniel von Bonsdorff

8.2 G12 Selje 7ar

Trenar Jan Vidar Smenes
Peter De Villiers
Kontaktperson Rita Hatlenes

Gutar f.2010:

Iver Flølo

Gutar f.2009:

Kasper Hatlenes Åbø, Felix Lien Smenes, Benjamin Olsen Fure, Even Berg, Aron Kvernevik

Gutar 2011 (hospitering):

Iver Rundereim, Bastian Lien Smenes, Miles Djupedal Devilliers, Daniel von Bonsdorff

8.3 J12 Selje/Flatraket 7ar

Trenar Tommy Silden
Gunnar Rundereim
Kontaktperson Siw Helen Rundereim

Jenter f.2010:

Selje: Tomine Fylling Silden, Victoria Bina Rundereim, Vanya Rundereim, Ylva Flølo Drabløs, Lorine Bakkebø Jensen

Flatraket: Emma Rundereim, Annika Nygård

Jenter f.2009:

Selje: Michelle Kvamme, Michell Årvik, Linnea Hamre, Mathea Skorpen Hoddevik (vårsesong)

8.4 G13/14 Selje 9ar

Trenar Erling Åbø
Kontaktperson Helge Hamre

Gutar f. 2008:

Rikardur Finnsson Maack, Mathias Vik Liseth (vårsesong), Johannes Sundal, Dennis Kupaen

Gutar f.2007:

Sigurd Aam Hamre, Gabriel R.Marques, Oliver Gallefoss Flataker

Gutar f. 2006 (dispensasjon):

Daniel Hamre Flister, David da Silva Hamre, Mohammad Ali

Gutar f.2009 (hospitering):

Kasper Hatlenes Åbø

8.5 J13/14 Selje/Åheim/Flatraket 9ar

Trenar	Trond Grøttå Freddy Rundereim Ståle Grytting
Kontaktperson	Jannicke Nydal

Jenter f.2008:

Selje: Amalie Grytting, Tina Rundereim, Martine Hammerseth, Sunniva Johansen Seljen, Celina Kupaen, Helene Engebretsen Kvamme

Åheim: Silje Slagnes

Flatraket: Sara Nydal

Jenter f. 2007:

Selje: Oda Wold Haugland, Ellinor Hansen Nerland, Kine Andersen Grøttå, Ingeborg Aam Hamre

Åheim: Ine Berget, Kaja Bøstrand

8.6 J15/16/17 Selje/Åheim 9ar

Trenar	Merete Nerland
Kontaktperson	Merete Nerland

Jenter f. 2006:

Selje: Cornelia Husevåg, Thea Sneide, Malin Taklo, Thea Hagen Brenden, Lillian Prestvik, Maria Frogner

Åheim: Tuva Borg, Andrea Aahjem

Jenter f. 2005:

Selje: Ilona Johannesen (vårsesong) , Selma H. Nerland (vårsesong), Ana Carolyn S. Vieira

Jenter f. 2004:

Selje: Sandra Rundereim

8.7 DUGLEIKS-/TEKNIKKMERKE

Dugleiksmerketakinga har lang tradisjon i fotball-Norge. Dei same diplomane og merka har vore der i fleire ti-år, sjølv om nokre av krava har endra seg litt. Dugleiksmerka «heng høgt», og nokre av dei krev målbevisst og hard jobbing for å greie dei ulike øvingane.

Dugleiksmerka er meint som ein stimulans for å utvikle tekniske ferdigheiter, og er ikkje nødvendigvis eit mål på kor god ein spelar er. Dugleiken til ein spelar er også avhengig av fysikk, styrke, hurtigheit, speleforståing/taktikk, lagspel osv. Dugleiksmerka er såleis ikkje ei rangering i gode og mindre gode spelarar, men fortel noko om tekniske basisferdigheiter ein har klart å tileigne seg.

I 2021 har det ikkje vore jobba med dugleiksmerke. Fotballkretsen har heller ikkje fokusert på dugleiksmerke i år, så det er nesten ingen klubbar som har teke merke. Øvingane er uansett gode og ein god stimulans for teknikktraining. Ein må vurdere kva fokus ein skal ha på dette når ein ser kva fotballkretsen førete seg i 2022.

Statistikk dugleiksmerke Selje IL:

* Frå sesongen 2006 har Noregs Fotballforbund innført nye reglar for dugleiksmerketakinga. Tidlegare kunne ein ta merkeprøve t.o.m. det året ein fylte 16 år, frå 2006 er det t.o.m. 14 år. Resultata frå 2006 må vurderast i forhold til dette.

MINIMERKE

	20 21 *	20 20 *	20 19 *	20 18 *	20 17 *	20 16 *	20 15 *	20 14 *	20 13 *	20 12 *	20 11 *	20 10 *	20 09 *	20 08 *	20 07 *	20 06 *	20 05	20 04	20 03
Blå	0	20	2	20	7	3	1	26	0	14	12	16	35	22	21	14	43	45	17
Raud	0	5	16	6	9	3	10	15	0	22	34	4	12	8	19	20	3	0	0
Sum minimerke	0	25	18	26	16	6	11	41	0	36	46	20	47	30	40	34	46	45	17

TEKNIKKMERKE

	20 21 *	20 20 *	20 19 *	20 18 *	20 17 *	20 16 *	20 15 *	20 14 *	20 13 *	20 12 *	20 11 *	20 10 *	20 09 *	20 08 *	20 07 *	20 06 *	20 05	20 04	20 03
Blå	0	1	1	10	3	15	3	29	14	5	10	12	5	2	22	8	4	0	7
Raud	0	0	0	4	5	17	8	14	14	6	8	8	1	4	17	5	3	11	2
Bronse	0	1	2	3	1	7	7	6	8	5	6	4	4	3	2	1	3	7	1
Sølv	0	0	1	0	2	8	0	5	3	1	3	3	0	1	0	2	2	4	4
Gull	0	1	0	0	0	0	1	0	1	0	3	1	0	0	0	0	0	0	1
Sum teknikkmerke	0	3	4	17	11	47	19	54	40	17	30	28	10	10	41	16	12	22	15

SUM TOTALT

Sum totalt	0	28	22	43	27	53	30	95	40	53	76	48	57	40	81	50	58	67	32
-------------------	---	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----	----

8.8 FAIR-PLAY



Selje IL har i mange år hatt stort fokus på FairPlay. Klubben har vidareført FairPlay-handlingsplanen og gjort nokre mindre endringar i høve året før. FairPlay-arbeidet er viktig og har vore med å utvikle klubben. Sjølv om klubben har hatt stort fokus på FairPlay i mange år, ser ein at det likevel kan oppstå utfordringar med spelarar/lag, og arbeidet må halde fram kontinuerleg på alle nivå.

Selje IL vart i 2020 kåra til Årets FairPlay-klubb i Sogn og Fjordane for 4.gong. Pga. koronarestriksjonar vart utdelinga utsett fleire gonger. Fotballkretsen v/Rune Sunde delte difor ut prisen på 5.div.kamp Selje-Sandane 03.10.21. Premie på 10.000,- + plakett.

Selje har tidlegare vunne prisen både i 2012, 2013 og 2015. Alle dei andre åra sidan 2011 har klubben vore ein av dei nominerte klubbane.

Årets FairPlay-spelarar:

Årets FairPlay-spelarar senior:

Ole Andreas Solheim 5.div. menn, Sofie Hove 4.div. kvinner.

Årets FairPlay-spelarar aldersfastlagde lag:

Aron Kvernevik G12, Michell Årvik J12, Kasper Hatlenes Åbø G13/14, Martine Hammerseth J13/14, Kine Andersen Grøttå J15/16/17.

8.9 SPELARUTVIKLING

SFE-akademi Selje

Det har ikkje vore arrangert akademi i 2021.

SFE-Elite Selje

Har ikkje vore arrangert sidan hausten 2019.

9. SENIOR 5.div menn

9.1. SESONGEN 2021

Trenar Idar Taklo

Kontaktperson John Helge Andersen

Treningar vart oppretthalde det meste sesongen, periodevis med begrensingar i høve korona iht. nasjonale reglar. Seriespel vart avlyst i vårsesongen pga. korona, men haustsesongen vart gjennomført.

Spelarar:

Aleksander Kvernevik, Oliver K. Skårbø, Kevin N. Sjøberg, Ole Andreas Solheim, Kristoffer Hove, Jon Anders Gulbransen, Mikal Osmundsvåg, Saron Osmundsvåg, Johannes Grytting, Ingo da Silva, Jonas Beitveit, Joachim Refvik, Mohammad Ali, Jan Kristian Apelseth, David da Silva Hamre, Robert Sætren, Kevin Hoddevik, Johannes Osmundsvåg, Martin Hove, Matias L Larsen, Per Martin Grytting, Nicholas Grytting, Kenneth Pedersen, Andreas Hoddevik

A-lag 5.divisjon: Heidersteikn/utmerkingar 2021

Årets spelar Ingo da Silva

Årets toppscorar Oliver Kupa Skårbø

Årets FairPlay-spelar Ole Andreas Solheim

Årets treningstopp Per Martin Grytting

Årets unge spelar Oliver Kupa Skårbø

150 obl. kampar Aleksander Kvernevik, Kristoffer Hove

Årsfest: Årsfest for A-lag og damelag vart arrangert på klubbhuset 20.11.

9.2. KAMPARRANGEMENT

Fotballgruppa har vidareført tradisjonen med gode kamparrangement.

* Arrangementsansv.: Kjell Magnar Flølo, Margreth Rundereim

* «Dagens heimespelar»: Ein jury på 3 personar, som skiftar frå kamp til kamp, har kåra «Dagens heimespelar».

* Annonsering: Plakatar, heimeside, facebook.

* Kampprogram: har ikkje blitt laga i haustsesongen.

* Anna personell til kamparrangement: Billettansv. + billettørar, kioskansv. + kioskvakter, speaker, tillaging før kamp av stadion og garderobe og rydd etterpå.

9.3 RESULTAT OG TABELLAR 5.div. menn 2021

Hautsesong. Seriespel avlyst i vårsong pga. korona.

SERIEKAMPAR 2021

SELJE 5.DIV.

Runde	Dato	Dag	Hjemmelag	Resultat	Bortelag
1	<u>15.08.2021</u>	søndag	Selje	<u>3 - 1</u>	Bjørn
2	<u>22.08.2021</u>	søndag	Førde 2	<u>5 - 1</u>	Selje
3	<u>29.08.2021</u>	søndag	Selje	<u>3 - 5</u>	Eid 2
4	<u>14.09.2021</u>	tirsdag	Sogndal 3/Fjæra 2	<u>2 - 3</u>	Selje
5	<u>12.09.2021</u>	søndag	Selje	<u>7 - 1</u>	Fure
6	<u>19.09.2021</u>	søndag	Selje	<u>5 - 2</u>	Studentspretten 2
7	<u>26.09.2021</u>	søndag	Florø 2	<u>3 - 2</u>	Selje

Runde	Dato	Dag	Hjemmelag	Resultat	Bortelag
8	<u>03.10.2021</u>	søndag	<u>Selje</u>	<u>3 - 2</u>	<u>Sandane</u>
9	<u>09.10.2021</u>	lørdag	<u>Stryn 2</u>	<u>3 - 2</u>	<u>Selje</u>

Plass	Lag	Kamper	Total			Mål	Diff	Poeng
			V	U	T			
1	<u>Førde 2</u>	8	8	0	0	36 - 8	28	24
2	<u>Sandane</u>	8	6	0	2	20 - 11	9	18
3	<u>Selje</u>	8	5	0	3	27 - 21	6	15
4	<u>Florø 2</u>	8	5	0	3	18 - 16	2	15
5	<u>Bjørn</u>	8	4	0	4	19 - 18	1	12
6	<u>Eid 2</u>	8	4	0	4	17 - 19	-2	12
7	<u>Sogndal 3/Fjøra 2</u>	8	3	0	5	21 - 23	-2	9
8	<u>Fure</u>	8	1	0	7	19 - 43	-24	3
9	<u>Studentspretten 2</u>	8	0	0	8	10 - 28	-18	0
0 *	<u>Stryn 2</u>	0	0	0	0	0 - 0	0	0

10. SENIOR 4.div. kvinner Selje/Åheim/Vanylven

10.1. SESONGEN 2021

Trenar Geir Nielsen
Ass.trenar Steffen Hoddevik
Kontaktperson Arnt Ove Lunde

Treningar vart oppretthalde det meste sesongen, periodevis med begrensingar i høve korona iht. nasjonale reglar. Seriespel vart avlyst i vårsesongen pga. korona, men haustsesongen vart gjennomført.

Spelarar:

Selje: Anette Lunde, Jeanette R. Taklo, Nora W. Haugland, Sofie Hove, Katrine Lunde, Malin Taklo, Martine Nøstdal, Guro L. Larsen, Ana Carolyn S. Vieira, Sandra Rundereim, Celine R. Taklo, Emma W. Haugland, Rakel Sætren, Andrine Vinge, Lena Flølo, Terese Lunde, Kristine E. Kvamme, Sara Hove, Thea Sneide

Åheim: Tiril Hasund, Kaja T. Bjørvik

Vanylven: Mathea Berge Bøstrand

Damelag 4.divisjon: Heidersteikn/utmerkingar 2021

Årets spelar Guro Lesto Larsen
 Årets toppscorar Guro Lesto Larsen
 Årets FairPlay-spelar Sofie Refvik Hove
 Årets treningstopp Sofie Refvik Hove

Årsfest: Årsfest for A-lag og damelag vart arrangert på klubbhuset 20.11.

10.2. KAMPARRANGEMENT

Fotballgruppa har vidareført tradisjonen med gode kamparrangement.

* Arrangementsansv.: Kjell Magnar Flølo, Margreth Rundereim

* «Dagens heimespelar»: Ein jury på 3 personar, som skiftar frå kamp til kamp, har kåra «Dagens heimespelar».

* Annonsering: Plakatar, heimeside, facebook.

* Kampprogram: har ikkje blitt laga i haustsesongen.

* Anna personell til kamparrangement: Billettansv. + billettørar, kioskansv. + kioskvakter, speaker, tillaging før kamp av stadion og garderobe og rydd etterpå.

10.3 RESULTAT OG TABELLAR 4.div. kvinner 2021

Haustsesong. Seriespel avlyst i vårsesong pga. korona.

Runde	Dato	Dag	Tid	Hjemmelag	Resultat	Bortelag
1	25.08.2021	onsdag	19.00	Bergsøy/Gjerdsvika/Gursken	2 - 1	Åheim/Selje/Vanylven 9er
3	11.09.2021	lørdag	14.00	Vigra 9er	0 - 11	Åheim/Selje/Vanylven 9er
4	16.09.2021	torsdag	19.00	Åheim/Selje/Vanylven 9er	5 - 1	Hornindal
5	17.10.2021	søndag	14.15	Åheim/Selje/Vanylven 9er	3 - 4	HaNo/Harøy
6	03.10.2021	søndag	13.00	Brattvåg	2 - 3	Åheim/Selje/Vanylven 9er
7	07.11.2021	søndag	15.00	Åheim/Selje/Vanylven 9er	3 - 0	Aksla
8	23.10.2021	lørdag	14.00	Stordal/Stranda	5 - 2	Åheim/Selje/Vanylven 9er
9	30.10.2021	lørdag	15.00	Åheim/Selje/Vanylven 9er	4 - 4	Hareid 9ar

Plass	Lag	Kamper	Total					Poeng
			V	U	T	Mål	Diff	
1	HaNo/Harøy	8	7	0	1	41 - 6	35	21
2	Brattvåg	8	6	0	2	33 - 16	17	18
3	Stordal/Stranda	8	5	1	2	34 - 13	21	16
4	Hareid 9ar	8	4	1	3	32 - 16	16	13
5	Åheim/Selje/Vanylven 9er	8	4	1	3	32 - 18	14	13
6	Aksla	8	3	1	4	17 - 15	2	10
7	Bergsøy/Gjerdsvika/Gursken	8	1	1	6	10 - 34	-24	4
8	Hornindal	8	1	1	6	10 - 44	-34	4
9	Vigra 9er	8	1	0	7	12 - 59	-47	3
0 *	MSIL	0	0	0	0	0 - 0	0	0

11. OLDBOYSFOTBALL

Oldboysfotball har nesten ikkje vore i gang i 2021 pga. korona m.m.

12. ØKONOMI

Det har også i år vore eit spesielt pga korona. Største inntektsbringande tiltaket, Seljecup, måtte avlysast. Ved hjelp av søknader til Sparebanken Vest om koronastøtte til drift og Seljecup, fekk ein kompensert ein del av inntektstapet.

Søknad til regjeringa si kompensasjonsordning gjorde at ein kom godt ut økonomisk i høve inntektstap. Blant anna pga. inntektskompensasjonar og reduserte utgifter i 2021 så fekk klubben eit bra økonomisk resultat.

12.1 INNTEKTER

Det har vore eit bra år økonomisk. Fotballgruppa har vore involvert i mykje av arbeidet med inntektsbringande tiltak.

Dei viktigaste inntektsbringande tiltak i 2021 har vore:

Seljecup: Avlyst.

På bakgrunn av søknad gav Sparebanken Vest koronastøtte for tapte inntekter Seljecup.

Andre inntektsbringande tiltak: Tine Fotballskule, juletresal, sal statuettar m.m.

Kontingentar: Deltakingsavgifter

Sponsorinntekter:

3-årig samarbeidsavtale med Sparebanken Vest som hovudsponsor 2019-2021. Delsponsoravtaler med Selje Auto, SFE, Paneda, Coop Prix. I tillegg kjem alle "små" sponsorar med annonse i årboka og/eller stadionskilt m.m.

Vi vil rette ei stor takk til alle våre store og små sponsorar i sesongen 2021. Vi vil spesielt takke vår hovudsponsor Sparebanken Vest. Utan den støtta vi får frå næringslivet, hadde vi ikkje klart å halde oppe aktiviteten som vi har.

Gåvemidlar: Det har også i 2021 blitt søkt på ei rekkje eksterne gåvemidlar. Fleire av desse søknadane har blitt innvilga.

Vi rettar ei stor takk til sponsorar for støtte!

Hovudsponsor:



Delsponsorar:



Sogn og Fjordane Energi AS



12.2 UTGIFTER

Dei største utgiftspostane er:

Renter og avdrag på lån, vedlikehald/utbetringar/drift av anlegg og investeringar.

Reise/utgifter i samband med kampar, ferjeutgifter, dommarutgifter: reduserte utgifter også i 2021 pga avlyst seriespel senior i vårsesong.

Kjøp av idrettsmateriell, medisinstyr, utstyr/ballar m.m., spelardrakter, kontingentar og påmeldingsavgifter til SFFK, påmeldingsavgifter til cupar, spelarutviklingstiltak aldersf. klasser m.m.: også denne har vore noko redusert i 2021.

Det har vore ei nøktern og sunn drift på utgiftssida heile året. Dette saman med kompensasjon for tapte inntekter pga korona, gjer at Selje IL kjem ut med eit godt økonomisk resultat.

13. INFORMASJON

Selje IL har i mange samanhengar blitt marknadsført på ein positiv måte gjennom ulike aktivitetar og arrangement gjennom året.

Årboka 2021: Heftet gjev god informasjon, og er eit historisk viktig dokument for idrettslaget.

Kampar og arrangement: Fjordenes Tidende og Fjordabladet har hatt omtale av 5.div. menn, 4.div.kvinner,

Seljecup, Selje Tine fotballskule m.m. Men sjølv sagt mykje midre enn eit normalår, pga avlysingar seriespel og Seljecup.

Heimesider:

www.seljefotball.no

Selje IL, Fotball har hatt heimeside frå 2005.

www.seljecup.no

Frå 2009 har Seljecup hatt si eiga heimeside.

14. SLUTTORD

2021 har som i fjor vore eit «annleisår», då koronapandemien har sett sitt preg på alt og alle.

Fotballgruppa har trass mange utfordringar greidd å få til bra aktivitet, og gjort godt arbeid både sportsleg og administrativt. Det er mange som har gjort ein god innsats i året som har gått, og som kvar på sin måte bidreg til at "hjula går rundt".

Det er ei målsetjing å leggje til rette for positive fritidstilbod og aktivitetar for barn/ungdom og vaksne. Ei av hovudmålsetjingane er at alle skal ha eit idretts- og aktivitetstilbod, og at det skal vere plass for alle.

Selje Idrettslag gjev barn/ungdom og vaksne aktivitetstilbod og sosiale møteplassar. Vi meiner at dette er eit viktig arbeid, til glede for dei aktive og av stor verdi for oppvekstmiljø og bygda.

Vi takkar alle aktive og alle dei som har hjulpet til og støtta opp om arbeidet dette året.

Vi ynskjer kvarandre lukke til med året 2022! Vi håpar at koronapandemien etter kvart vil avta, så det blir «eit normalår» der aktiviteten igjen kan blomstre!

Selje 23.mars 2022

*for Selje Idrettslag
Fotballgruppa*

*Atle Solheim
- leiar -*

